



# Notat til politisk nivå

**Vår referanse**

2026/1742 -1

**Dato**

30.08.2026

**Sak****Utval****Møtedato**

Eldrerådet

07.09.2026

**Frå:**

Kommunedirektøren

## Kort orientering om forvaltning og vedlikehald av omsorgsbustader og PO-senteret

Etter saksførebuaende møte med rådsleiarane 19. august 2026 vart det i e-post datert 20. august 2026 bede om informasjon om vedlikehald av kommunen sine eigedommar og status for parkeringsanlegget ved PO-senteret. Nedanfor følgjer ei kort orientering om dei enkelte spørsmåla.

### 1. Informasjon om vedlikehald av kommunen sine eigedommar

#### a. Generelt

Kommunen er i gang med eit arbeid for å få utarbeidd tilstandsvurderingar for heile den kommunale bygningsmassen. Føremålet er å få eit betre og meir systematisk grunnlag for prioritering og planlegging av framtidig vedlikehald. Bygg med overnatting, som Birgittunet og PO-senteret, har høgaste prioritet.

#### b. Korleis er standarden på Birgittunet?

Som nemnt ovanfor er bygg med overnatting prioritert i arbeidet med tilstandsvurderingar, og Birgittunet er ein av lokasjonane som inngår i denne prioriteringa. Tilstandsvurderinga skal vidare danne grunnlag for ein meir konkret vedlikehaldsplan for bygget.

Standarden på dei enkelte leilegheitene varierer. Nokre av leilegheitene er pussa opp relativt nyleg, medan andre har ein eldre standard. Det står att fem leilegheiter før alle leilegheitene har fått Bano-bad. Fellesareala har òg behov for oppgradering og nivåheving.

c. Er det ein plan for opprusting av sansehagen på PO?

Det ligg per i dag ikkje føre ein konkret plan for opprusting av sansehagen ved PO-senteret.

d. Har nokon av vaktmeistrane gartnaroppgåver?

Ved PO-senteret og Birgittunet utfører vaktmeister hovudsakeleg plenklipping og beskjerjing av buskar. Planting og stell av blomar vert i hovudsak ivareteke av tilsette ved PO-senteret.

2. Korleis er status for parkeringsanlegget på PO?

Dersom det med parkeringsanlegget vert sikta til prosjektet med etablering av carport og ladeinfrastruktur for kommunen sine bilar ved PO-senteret, er dette eit pågåande prosjekt. Etter opplysningar frå prosjektleiar er målet å få konkurransen lyst ut i løpet av dei komande månadene.